Helse Førde

**Verksemdsrapport**

**stabsområdet**

**Månad: november 2022**

---

## 1. Budsjetteknisk

| Artskonto | | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ⊞ ISF inntekter | HV031.1.01 | 4 330 | 3 848 | 482 | 29 499 | 39 332 | -9 833 |
| ⊞ Gjestepasient inntekter | HV031.1.02 | 156 | | 156 | 1 626 | | 1 626 |
| ⊞ Poliklinikk og andre pasientinntekter | HV031.1.03 | 2 717 | 3 878 | -1 161 | 27 374 | 27 314 | 60 |
| ⊟ Pasientrelatert inntekt | HV031.1 | 7 203 | 7 726 | -522 | 58 499 | 66 646 | -8 147 |
| ⊞ Basistilskudd | HV031.2 | 63 674 | 15 826 | 47 848 | 271 660 | 209 911 | 61 749 |
| ⊞ Andre inntekter | HV031.3 | 94 | 200 | -106 | 3 386 | 2 200 | 1 186 |
| ⊟ Sum Driftsinntekter | HV031 | 70 971 | 23 751 | 47 220 | 333 545 | 278 757 | 54 788 |
| ⊞ Varekostnader og Helsetjenester | HV032.1 | -11 109 | -18 246 | 7 137 | -78 376 | -118 181 | 39 805 |
| ⊞ Lønn- og personalkostnader | HV032.2 | 6 336 | 5 061 | 1 275 | -8 908 | -47 565 | 38 657 |
| ⊞ Øvrige kostnader | HV032.3 | 1 191 | 297 | 893 | 16 015 | 5 633 | 10 381 |
| ⊞ Av- og Nedskriving | HV032.4 | -8 090 | -7 923 | -167 | -88 281 | -87 087 | -1 195 |
| ⊟ Sum Driftskostnad | HV032 | -11 673 | -20 810 | 9 138 | -159 550 | -247 199 | 87 648 |
| ⊟ Driftsresultat | HV033 | 59 298 | 2 941 | 56 357 | 173 994 | 31 559 | 142 436 |
| ⊞ Finans og renteinntekter | HV034.1.01.01 | 344 | 167 | 178 | 3 002 | 1 833 | 1 169 |
| ⊞ Finans og rentekostnader | HV034.1.01.02 | -667 | -608 | -59 | -6 473 | -5 892 | -581 |
| ⊟ Finansresultat | HV034.1.01 | -323 | -441 | 118 | -3 471 | -4 059 | 588 |
| ⊟ Finans | HV034.1 | -323 | -441 | 118 | -3 471 | -4 059 | 588 |
| ⊟ Sum Finans | HV034 | -323 | -441 | 118 | -3 471 | -4 059 | 588 |
| ⊟ Totalresultat | HV03 | 58 976 | 2 500 | 56 476 | 170 524 | 27 500 | 143 024 |

Resultatet i perioden er 56,5 millionar kroner betre enn budsjett. Dette skuldast ein tildelt auke i basisramme på 47,5 millionar kroner som følgje av nysaldering av statsbudsjettet for 2022. Vidare er det mindreforbruk på gjestepasientar. Årsaka er eit større positivt avvik som følgje av at har hatt lågare gjestepasientkostnader til Helse Bergen enn budsjettert for det som vert fakturert oss utover abonnementsordninga. I tillegg er det positive avvik knytt til avsetjingar på varekost, løn og andre gjestepasientkostnader i høve budsjett. Det har også vore lågare ISF-inntekter knytt til gjestepasientar gjennom året, noko som forklarar avvik på pasientrelaterte inntekter.

Akkumulert er det eit positivt avvik på 143 millionar. Dei viktigaste punkta er:

- auke i basisramme på 47,5 millionar kroner
- Covid-19 kompensasjon for tapte ISF-inntekter på 13,9 millionar kroner, samt tildeling for beredskapskostnader 26,3 millionar – i sum 40,2 millionar
- ekstraløyving knytt til covid-19 på 0,4 millionar
- mindreforbruk gjestepasientar 22,2 millionar
- mindreforbruk pasienttransport 8,9 millionar
- avsetjingar i budsjett på varekost og andre forhold på 23,8 millionar

# 2.0 Stabsområdet

## ØKONOMI

| Artskonto | | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ⊞ Pasientrelatert inntekt | HV031.1 | 26 | 1 | 25 | 95 | 12 | 83 |
| ⊞ Basistilskudd | HV031.2 | 28 725 | 29 190 | -465 | 309 945 | 309 061 | 884 |
| ⊞ Andre inntekter | HV031.3 | 804 | 654 | 150 | 5 888 | 4 178 | 1 710 |
| ⊟ Sum Driftsinntekter | HV031 | 29 556 | 29 845 | -290 | 315 928 | 313 251 | 2 677 |
| ⊞ Varekostnader og Helsetjenester | HV032.1 | -91 | -52 | -39 | -888 | -563 | -325 |
| ⊞ Lønn til fast ansatte og vikarer | HV032.2.01 | -8 772 | -8 850 | 78 | -84 988 | -86 471 | 1 483 |
| ⊞ Variable tillegg og overtid | HV032.2.02 | -154 | -176 | 22 | -2 713 | -2 067 | -646 |
| ⊞ Feriepenger og sosiale kostnader | HV032.2.03 | -4 273 | -4 343 | 70 | -42 693 | -44 589 | 1 896 |
| ⊞ Lønnsrefusjoner | HV032.2.04 | 387 | 271 | 116 | 4 237 | 2 977 | 1 260 |
| ⊞ Innleie av personell | HV032.2.05 | -197 | -85 | -112 | -1 685 | -934 | -751 |
| ⊞ Diverse personalkostnad | HV032.2.06 | -764 | -614 | -150 | -7 313 | -6 404 | -909 |
| ⊞ Reisekostnader | HV032.2.07 | -493 | -375 | -117 | -3 304 | -3 529 | 225 |
| ⊟ Lønn- og personalkostnader | HV032.2 | -14 266 | -14 173 | -93 | -138 458 | -141 017 | 2 559 |
| ⊞ Øvrige kostnader | HV032.3 | -14 225 | -15 620 | 1 395 | -173 349 | -171 672 | -1 677 |
| ⊟ Sum Driftskostnad | HV032 | -28 581 | -29 845 | 1 264 | -312 694 | -313 251 | 557 |
| ⊟ Driftsresultat | HV033 | 974 | 0 | 974 | 3 234 | 0 | 3 234 |

Stabsområdet har eit positivt resultat mot budsjett på 970 000 denne månaden.

### Akkumulert

Akkumulert har stabsområdet eit positivt avvik mot budsjett på 3,2 millionar. Driftsinntektene er 2,7 millionar høgare enn budsjett og driftskostnadene er 0,5 millionar lågare enn budsjett.

Kostnader som følgje av korona er kostnadsført med 400 000 i 2022.

## PERSONELL

### Medarbeidarar:




| | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 | 202204 | 202205 | 202206 | 202207 | 202208 | 202209 | 202210 | 202211 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto månadsverk | 165 | 165 | 164 | 164 | 164 | 166 | 165 | 166 | 167 | 174 | 169 | 169 | 169 | 170 | 171 |
| Netto månadsverk | 161 | 160 | 160 | 161 | 159 | 162 | 162 | 163 | 165 | 171 | 166 | 166 | 167 | 167 | 169 |
| Tal tilsette | 239 | 241 | 243 | 242 | 239 | 242 | 243 | 242 | 245 | 247 | 242 | 245 | 244 | 247 | 248 |

Det er registrert 171 brutto månadsverk, som er sju fleire enn i november 2021. Netto månadsverk er 169, som er ni fleire enn for eitt år sidan. Fire av desse arbeider i bemanningssenteret, tre i økonomiavdeling med oppfølging av DRG-poeng og nytt økonomisystem SAP og ein arbeider i Nye Førde sjukehus.

### Sjukefråvær:




| | 2019 | 2020 | 2021 | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 | 202204 | 202205 | 202206 | 202207 | 202208 | 202209 | 202210 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kort tid | 2,0 | 2,2 | 2,1 | 1,6 | 2,4 | 3,9 | 1,3 | 2,6 | 4,5 | 4,4 | 2,4 | 2,0 | 1,5 | 4,1 | 2,3 | 3,3 | 4,0 |
| Lang tid | 3,7 | 2,5 | 2,5 | 1,9 | 1,9 | 3,1 | 4,9 | 2,3 | 2,4 | 2,3 | 4,2 | 2,6 | 3,1 | 3,6 | 2,2 | 2,4 | 2,9 |
| Total | 5,7 | 4,7 | 4,7 | 3,5 | 4,3 | 7,0 | 6,2 | 4,9 | 7,0 | 6,7 | 6,6 | 4,5 | 4,6 | 7,7 | 4,5 | 5,7 | 6,9 |

Stabsområdet hadde i september eit registrert sjukefråvær på 6,9 prosent, 2,6 prosentpoeng høgare enn same periode i 2021. Vi har stort fokus på kor viktig systematisk oppfølging av sjukmelde er, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.